
Rekommandasjon CM/Rek(2022)1 frå Ministerkomiteen til medlemslanda om verdien av fleirspråkleg og interkulturell opplæring for demokratisk kultur

*(Vedteken av Ministerkomiteen 2. februar 2022 på
det 1423. møtet til ministerutsendingane)*

*Source - Council of Europe February 2022, original English and French versions
© fremmedspraksenteret.no, March 2022, Nynorsk translation*

*Text originated by the Council of Europe. This translation into a non-official language is published
by arrangement with the Council of Europe, but under the sole responsibility of the
translator/publisher*

* * * * *

*Source - Conseil de l'Europe février 2022, pour les versions originales en anglais et français
© fremmedspraksenteret.no, mars 2022, pour la traduction en nynorsk*

*Le texte original provient du Conseil de l'Europe. Cette traduction en une langue non-officielle est
réalisée avec l'accord du Conseil de l'Europe mais sous l'unique responsabilité du
traducteur/éditeur*

Fortale

Ministerkomiteen, som, i samsvar med i artikkel 15.b i Vedtekter for Europarådet,

tek omsyn til at målet til Europarådet er å oppnå større einskap mellom medlemsstatane, og at ein særleg kan oppnå dette målet ved felles tiltak innanfor utdanning og kultur,

minner om at hovudoppdraget til Europarådet er å fremje og verne om menneskerettar, demokrati og rettstryggleik,

stadfestar at medlemsstatane er forplikta til å sørje for at alle borgarar har tilgang til likeverdig og inkluderande utdanning og nyt godt av retten til utdanning slik han er felt ned i Konvensjon om vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fridommene (ETS nr. 5) med protokollar, og at denne retten skal respekterast, vernast og utøvast til fulle,

tek omsyn til at målet med Den europeiske kulturkonvensjonen (ETS nr. 18) er å utvikle felles forståing blant folka i Europa og gjensidig anerkjenning av det kulturelle mangfaldet, å verne om europeisk kultur, å fremje nasjonale bidrag til den felles kulturarven i Europa med respekt for dei same grunnleggjande verdiane og å oppmode særleg til studium av språka, historia og sivilisasjonane i konvensjonslanda,

har i tankane det ansvaret og dei forpliktingane ein har teke på seg i samsvar med andre relevante internasjonale og europeiske konvensjonar, nærmare bestemt Den reviderte europeiske sosialpakta (ETS nr. 163), Rammekonvensjon for vern av nasjonale minoritetar (ETS nr. 157), Europeisk pakt om regions- eller minoritetsspråk (ETS nr. 148) og FNs konvensjon om barnrettane,

har i tankane dei rekommandasjonane og resolusjonane som tek opp utfordringar innanfor utdanning generelt, og særleg utfordringar innanfor språklæring som er relevante for denne rekommandasjonen:

- rekommandasjon CM/Rek(2012)13 frå Ministerkomiteen til medlemslanda om å sørge for utdanning av god kvalitet
- rekommandasjon CM/Rek(2014)5 frå Ministerkomiteen til medlemslanda om verdien av kompetanse i skulespråket/-språka for likskap og kvalitet i utdanning og for å lykkast i utdanning
- rekommandasjon CM/Rek(2008)7 frå Ministerkomiteen til medlemslanda om bruk av Europarådets felles europeiske rammeverk for språk (CEFR) og fremjing av fleirspråklegheit
- rekommandasjon CM/Rek(2008)4 frå Ministerkomiteen til medlemslanda om styrking av integrering av barn av migrantar og med immigrantbakgrunn

Nettside: www.coe.int/cm

- rekommandasjon Rek(2005)3 frå Ministerkomiteen til medlemslanda om opplæring i nabospråk i grenseområde
- resolusjon om Den europeiske språkpermen, vedteken under den 20. sesjonen av Den faste konferansen for europeiske utdanningsministrar i Europarådet (2000)
- resolusjon Res(94)10 om ein utvida delvis avtale om å etablere Det europeiske senteret for moderne språk

også har i tankane andre rekommandasjonar som er relevante for å fremje fleirspråklegheit og interkulturell opplæring for demokratisk medborgarskap:

- rekommandasjon CM/Rek(2019)10 frå Ministerkomiteen til medlemslanda om å utvikle og fremje digital opplæring i medborgarskap
- rekommandasjon CM/Rek(2010)7 frå Ministerkomiteen til medlemslanda om Europaråds-pakta for menneskerettsundervisning og opplæring til demokratisk medborgarskap
- rekommandasjon CM/Rek(2007)6 frå Ministerkomiteen til medlemslanda om det offentlege ansvaret for høgare utdanning og forskning

tek omsyn til rekommandasjonane som er knytte til språkopplæring frå Europarådets parlamentarikarforsamling og kongress for lokale og regionale styresmakter:

- rekommandasjon 2143 (2018) frå Parlamentarikarforsamlinga om å verne om og fremje teiknspråk i Europa, medrekna svaret frå Ministerkomiteen på denne rekommandasjonen,
- rekommandasjon 1740 (2006) frå Parlamentarikarforsamlinga om kva plass morsmålet har i opplæringa i skulen, medrekna svaret frå Ministerkomiteen på denne rekommandasjonen,
- rekommandasjon 1539 (2001) frå Parlamentarikarforsamlinga om Det europeiske språkåret, medrekna svaret frå Ministerkomiteen på denne rekommandasjonen,
- rekommandasjon 222 (2007) frå Kongressen for lokale og regionale styresmakter om språkopplæring i regionspråk og minoritetsspråk,

tek omsyn til relaterte mål frå Den europeiske unionen, Organisasjonen for sikkerheit og samarbeid i Europa (OSSE) og FN:

- rekommandasjonen om ein overordna strategi for språkundervisning og språklæring frå Rådet for Den europeiske unionen (2019/C 189/03);
- Ljubljana-retningslinjene om integrering av mangfaldige samfunn (2012) frå høgkommissæren for nasjonale minoritetar i OSSE;
- FNs berekraftsmål for 2030 og særleg berekraftsmål 4, som er å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter til livslang læring for alle,

har i tankane andre offisielle erklæringar, konklusjonar, strategiske dokument og undersøkingar som er relevante for å fremje fleispråklegheit og interkulturell opplæring for demokratisk medborgarskap:

- den politiske erklæringa om korleis skulen svarer på covid-19-krisa, signert av den uformelle konferansen for utdanningsministrarar, organisert under det greske formannskapet for ministerkomiteen (2020) og det strategidokumentet for handling som følgjer med
- 25-årsjubileumserklæringa for Det europeiske senteret for moderne språk (ECML), «Quality language education for a democratic, socially cohesive and peaceful Europe: nine ECML cornerstones»
- konklusjonane frå Intergovernmental Language Policy Forum i Europarådet i 2010, «The right of learners to quality and equity in education – The role of linguistic and intercultural competences»
- Europarådets kvitbok om interkulturell dialog, «Living together as equals in dignity» (2008)
- UNESCOs «Survey of intercultural dialogue 2017: analysis of findings» (2017)
- UNESCO-utgreiing 24 «If you don't understand, how can you learn?» (2016)

tek omsyn til retningslinjer og rammeverk som gir konseptuell og praktisk støtte til fleispråkleg og interkulturell opplæring for demokratisk medborgarskap, særleg

- Reference Framework of Competences for Democratic Culture (2018);
- Det felles europeiske rammeverket for språk. Læring, undervisning, vurdering (CEFR 2001) og Tillegget til Rammeverket (2020);
- A Framework of Reference for Pluralistic Approaches to Languages and Cultures (2012);
- From Linguistic Diversity to Plurilingual Education: Guide for the Development of Language Education Policies in Europe (2007);

anerkjenner dei kognitive, språklege og samfunnsmessige fordelane ved å lære ei rekkje ulike språk og ulempene for lærande som berre har tilgang til eitt tilleggsspråk,

anerkjenner at det å ta vare på og fremje det språklege mangfaldet i Europa er føresetnader for samhøyret mellom samfunna i Europa,

stadfestar at det språklege og kulturelle mangfaldet i eit land speglar vitaliteten og rikdommen i kulturen i Europa,

anerkjenner at språk er vesentleg for å forstå, vurdere og formulere argumenta og synspunkta som er grunnleggjande for demokrati,

anerkjenner at god språkopplæring spelar ei avgjerande rolle for å utvikle vilje og evne hos enkeltpersonar og samfunn til å forstå folk med andre bakgrunnar og synspunkt enn dei sjølve,

anerkjenner at fleispråkleg og interkulturell kompetanse bidreg til rettferdig og inkluderande utdanning, vellykka utdanning, deltaking i demokratisk kultur og integrering i samfunnet,

anerkjenner at fleispråkleg og interkulturell opplæring også er ei støtte til utdanningsmessig og sosial inkludering av innvandrarar og marginaliserte lærande,

anerkjenner at det digitale miljøet gir eineståande moglegheiter for å uttrykkje seg på ulike språk og gir nye moglegheiter for å forbetre språklæring og støtte opp om og fremje språk som ikkje blir tilbydde i læreplanen, og at alt dette bidreg til den demokratikulturen som gjer at demokratiske institusjonar kan fungere tilfredsstillande,

1. tilrår at styresmaktene i medlemsstatane
 - a. gjennomfører tiltaka som er skildra i tillegget til denne rekommandasjonen, samtidig som ein tek omsyn til dei nasjonale, regionale og/eller lokale omstenda, og til forfatningsmessige føresegner,
 - b. oppmodar rektorar og andre leiarar om å innføre styringsdokument og praksis for heile skular der ein ønskjer språkleg og kulturelt mangfald velkommen og verdset det, fremjar språklæring og utvikling av fleirspråkleg repertoar, legg til rette for interkulturell læring og førebur elevar eller studentar på deltaking i demokratisk kultur,
 - c. ber institusjonane som er ansvarlege for grunn- og vidareutdanning av lærarar, om å leggje vekt på pedagogikk som fremjar inkluderande fleirspråkleg og interkulturell opplæring og set lærarstudentar og lærarar i stand til å innføre det gjennom heile læreplanen,
 - d. inviterer høgare utdanningsinstitusjonar til å gå gjennom styringsdokument og praksis for å sikre at studentane blir utstyrte med dei språklege og kulturelle ressursane dei treng for å delta i dei demokratiske prosessane i dei mangfaldige samfunna i Europa,
 - e. oppmodar universitet og andre kompetente institusjonar og organ om å delta i forskning som bidreg til internasjonal forståing av fleirspråklegheit og interkulturell dialog på alle utdanningsnivå og på alle sosiale område,
 - f. oppmodar organ, organisasjonar og nettverk som fremjar uformell og livslang læring, om å støtte fleirspråklegheit og interkulturell dialog og anerkjenne kva det har å bidra med for utdanning og demokratisk kultur,
 - g. oppmodar skuleeigarar og organ som er ansvarlege for kvalitetssikring og kvalitetsforbetring, til å fremje og støtte opp om fleirspråkleg og interkulturell opplæring i alle utdanningssektorar og på alle nivå,
 - h. støttar opp om samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, kulturinstitusjonar, sivilsamfunnet og næringslivet for å fremje fleirspråkleg og interkulturell læring for demokratisk kultur,
 - i. støttar opp om arbeidet i dei relevante organa med å oppmode til offentleg debatt om språk og kultur, språklæring og fleirspråklegheit, og korleis det bidreg til personleg og fagleg utvikling, god utdanning, integrering i samfunnet og tilgang til menneskerettar og demokrati,
 - j. sørgjer for at denne rekommandasjonen, inkludert retningslinjene i tillegget, blir omsett og spreidd så breitt som mogleg til kompetente styresmakter, påverka partar, pressa og andre medium, gjennom midlar, måtar og format for kommunikasjon som gjer innhaldet tilgjengeleg for mottakarane,
 - k. reviderer gjennomføringa av denne rekommandasjonen jamleg saman med styringskomiteen for utdanning (CDEDU),
2. oppmodar generalsekretæren i Europarådet om å oversende denne rekommandasjonen til
 - styresmaktene i dei statspartane i Den europeiske kulturkonvensjonen som ikkje er medlemmer av Europarådet
 - Den europeiske unionen
 - Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD)
 - Dei foreinte nasjonane, særleg UNESCO, FNs spesialrapportør for minoritetsspørsmål og FNs spesialrapportør for retten til utdanning
 - Organisasjonen for sikkerheit og samarbeid i Europa (OSSE), særleg høgkommissæren for nasjonale minoritetar
 - fagorganisasjonane og dei internasjonale ikkje-statlege organisasjonane som utgjer yrkesnettverksforumet ved Det europeiske senteret for moderne språk

Tillegg til rekommandasjon CM/Rek(2022)1

Retningslinjer for utvikling og fremjing av fleirspråkleg og interkulturell opplæring for demokratisk kultur

1. Formål

For at demokratia skal fungere effektivt, er dei avhengige av sosial inkludering og integrering i samfunnet, som i sin tur er avhengig av forståing av, respekt for og deltaking i det språklege og kulturelle mangfaldet. Formålet med denne rekommandasjonen er å gi nye impulsar til å fremje, utvikle og gjennomføre fleirspråkleg og interkulturell opplæring, gjennom ei erkjenning av at det er viktig for personleg og fagleg utvikling, rettferd, integrering i samfunnet, utøving av menneskerettar og deltaking i demokratisk kultur.

2. Verkeområde

Desse retningslinjene er laga for å definere elementa som er nødvendige for å støtte opp om utviklinga av fleirspråkleg og interkulturell opplæring for demokratisk kultur, som verdset alle språk, både talte språk og teiknspråk, anten dei har offisiell status og er del av læreplanen eller ikkje. Retningslinjene er meinte for

- i. offentlege styresmakter på alle nivå og andre offisielle aktørar som er ansvarlege for opplæringsssystem, særleg for utvikling av styringsdokument, læreplanar og innhaldet i utdanningsprogram, og for utforming og forvaltning av offentlege eksamenar
- ii. rektorar ved skular, leiarar, lærarar og andre medarbeidarar
- iii. ansvarlege for grunn- og vidareutdanning av lærarar
- iv. universitet og andre institusjonar for høgare utdanning
- v. skuleeigarar og organ som er ansvarlege for kvalitetssikring og kvalitetsforbetring i utdanninga
- vi. institusjonar som tek del i forskning på utdanning
- vii. organisasjonar som arbeider med ikkje-formell utdanning og livslang læring
- viii. akademiske organisasjonar og fagforeiningar og organisasjonar for lærarar og forelesarar
- ix. internasjonale, nasjonale, regionale og lokale organisasjonar for foreldre og føresette
- x. medarbeidarar som arbeider med språklæring og med å fremje sosial integrering på arbeidsplassen
- xi. ikkje-statlege organisasjonar og private organisasjonar som arbeider for å fremje språklæring

Fordi fleirspråklegheit, interkulturell dialog og demokratisk kultur er viktige tema for samfunnet som heilskap, er desse retningslinjene også relevante for sivilsamfunnet (idrett, musikk, sosiale og kulturelle organisasjonar osv.), næringslivet, media og ei rekkje andre aktørar.

3. Definisjonar

Følgjande definisjonar er aktuelle for denne teksten:

- a. «Fleirspråklegheit» (*plurilingualism*) er «potensialet og/eller den faktiske evna til å bruke fleire språk, med varierende kompetansenivå og til ulike formål» (Guide for the Development of Language Education Policies in Europe, s. 10; vår omsetjing). Som ein «kommunikativ kompetanse på grunnlag av all [...] kunnskap om og erfaring med språk der språkene innbyrdes er forbundet og gjensidig påvirker hverandre» trer fleirspråklegheit fram «[n]år en språkinnlærer utvider sin erfaring med språk i sin kulturelle kontekst, fra hjemmets språk via storsamfunnets til språk som brukes av andre folkegrupper» (Det felles europeiske rammeverket for språk, kapittel 1.3).
- b. «Mangespråklegheit» (*multilingualism*) viser til at to eller fleire språk er til stades i eit nærmiljø eller eit samfunn.
- c. «Fleirspråkleg repertoar» (*plurilingual repertoire*) viser til dei ulike språka ein enkeltperson kan bruke. Språka kan ein ha lært i ulike samanhengar (heime, gjennom sosial kontakt, på skulen osv.), ein kan bruke dei til ulike formål (kommunisere med familien, vere sosial med naboar, delta i undervisninga på skule eller universitet, osv.), og nokre gonger kan to eller fleire av dei vere i bruk på same

tid. Fleirspråklege repertoar er dynamiske i den forstand at dei aktuelle språka er knytte saman og påverkar kvarandre, og dei er skiftande, slik at dei gjerne blir endra gjennom eit livsløp. Det er vanleg at ein har ulikt kompetansenivå i dei ulike språka i eit fleirspråkleg repertoar.

- d. «Interkulturell kompetanse» (*intercultural competence*) er evna til å møte andre menneske med respekt, openheit og forståing, å argumentere for og grunngi eins eige synspunkt på ein sensitiv og ansvarleg måte og å bruke eiga erfaring med kulturelt mangfald til å reflektere kritisk over spørsmål som ein vanlegvis tek for gitt. Interkulturell kompetanse kan omfatte evna til å kommunisere på to eller fleire språk.
- e. «Mediering» (*mediation*) tyder aktivitetar som legg til rette for kommunikasjon mellom enkeltpersonar eller grupper som, uavhengig av årsak, ikkje kan kommunisere direkte med kvarandre. I utvida forstand viser mediering til dei språklege og kulturelle prosessane som skular og andre utdanningsinstitusjonar bruker for å hjelpe lærande til å forhandle om mening, bygge kunnskap og delta i det språklege og kulturelle mangfaldet.
- f. «Skulespråk» (*language/s of schooling*) tyder det eller dei dominerande språka for læring og undervisning, utanomfaglege aktivitetar og drifta av institusjonen. Det handlar både om språk som eit fag i seg sjølv (leseferdigheiter, litteratur) og bruk av språk i andre fag (til dømes historie, matematikk og naturfag). I dei fleste samanhengar er skulespråket eit nasjonalt språk eller eit offisielt regionspråk; teiknspråk kan brukast i opplæring for døve.
- g. «Heimespråk» (*home language/s*) tyder språket eller språka for kommunikasjon heime og språket eller språka ein tileignar seg i tidleg barndom, inkludert teiknspråk. Uttrykket blir brukt for å vise til alle språk som blir brukte heime, og er ikkje verdiladd.
- h. «Tilleggsspråk» (*additional language*) er eit uttrykk som blir brukt som overomgrep for alle språk ein enkeltperson lærer i tillegg til heimespråket/-språka. Ved at uttrykket legg vekt på utvikling av fleirspråkleg repertoar hos enkeltpersonen i staden for spesifikke språk, unngår ein forvirringa som kan oppstå dersom ein til dømes bruker «framandspråk» om eit språk som er framandt for majoriteten, men heimespråk for eit mindretal av lærande.
- i. «Fleirspråkleg og interkulturell opplæring» (*plurilingual and intercultural education*) er eit heilskapleg omgrep som påverkar alle sider ved utdanningspolitikk og -praksis. Målet er å fremje utvikling av integrerte språklege repertoar der språka er knytte saman og påverkar kvarandre, og derfor tek omgrepet særleg omsyn til og prøver å bidra til samhandling mellom
 - i. språka og kulturane som dei lærande har med seg, inkludert teiknspråk, minoritetsspråk og innvandrarspråk og -kulturar,
 - ii. skulespråket/-språka, som varierer i sjanger og terminologi ut frå kva fag det blir undervist i, og som på viktige måtar skil seg frå språket i den uformelle daglege kommunikasjonen,
 - iii. regionspråk, minoritetsspråk og andre språk og kulturar som er del av læreplanen,
 - iv. framandspråk (moderne og klassiske),
 - v. andre språk og kulturar som ikkje er til stades i skulen, og som ikkje er del av den vedtekne læreplanen

Det å lære minst to språk i tillegg til skulespråket/-språka blir ofte rekna som ein viktig del av fleirspråkleg og interkulturell opplæring.

4. Prinsipp

Fleirspråkleg og interkulturell opplæring

- i. er grunnleggjande for opplæring i demokratisk kultur
- ii. respekterer og verdset språkleg og kulturelt mangfald
- iii. fremjar språkmedvit og språksensitivitet i heile læreplanen
- iv. oppmodar til kritisk refleksjon om kulturelt mangfald
- v. bidreg til å fremje digitale ferdigheiter og digitalt medborgarskap
- vi. oppmodar til autonomi blant lærande og verdset stemma til den lærande
- vii. støttar inkludering av svakarestilte og marginaliserte lærande på like fot med andre lærande

5. Tiltak

a. *Innleiing*

- i. Dei følgjande tiltaka rommar ein visjon for utdanning som er basert på dei grunnleggjande verdiane til Europarådet: demokrati, menneskerettar og rettstryggleik.
- ii. Tiltaka gjer greie for kva denne rekommandasjonen inneber for offentlege styresmakter på alle nivå og andre offisielle aktørar som er ansvarlege for skular, universitet og andre institusjonar for høgare utdanning, og for organisasjonar som fremjar uformell og livslang læring.
- iii. Fullstendig gjennomføring av tiltaka, som krev koordinering på nasjonalt nivå og samarbeid mellom aktørar innanfor formell, uformell og livslang læring, er eit mangeårig arbeid fordi det inneber endringar ikkje berre i utdanningspolitikk og -praksis, men også i haldningane til språkleg og kulturelt mangfald i samfunnet.
- iv. Det er likevel mykje ein kan oppnå i mellomtida ved å justere styringsdokument og praksis ved utdanningsinstitusjonar og i klasserom, og ved å dra nytte av dei eksisterande ressursane til Europarådet.
- v. Ved innføringa av fleirspråkleg og interkulturell opplæring for demokratisk kultur bør alle styresmakter og organ som har med utdanning å gjere, tilpasse desse tiltaka til sin situasjon.

b. *Styringsdokument og praksis*

Dei som er ansvarlege for nasjonale, regionale og institusjonelle styringsdokument i alle utdanningssektorar, bør

- i. revidere eksisterande styringsdokument med mål om å styrkje fleirspråkleg og interkulturell opplæring og støtte opp om språkleg og kulturelt mangfald,
- ii. sørge for at språkdimensjonen ved alle fag blir gjord eksplisitt i rettleiingsdokument til læreplanar og sjølve læreplanane,
- iii. sørge for at rettleiingsdokument til læreplanar og sjølve læreplanane gir elevar og studentar høve til å utvikle kompetansen dei treng for å delta i autentisk og gradvis meir avansert munnleg og skriftleg kommunikasjon, ideelt sett på minst to språk i tillegg til skulespråket/-språka, og at ein gjer sitt ytste for å dokumentere denne kompetansen,
- iv. oppmode til læring av fleire språk frå tidleg alder og sørge for at det blir teke omsyn til allereie tileigna kompetanse på kvart nye trinn i opplæringa,
- v. reflektere over tradisjonelle språklege hierarki og ta sikte på å auke mangfaldet av språk som blir tilbydde,
- vi. fremje språkundervisning på måtar som knyter språka saman,
- vii. oppmode til og leggje til rette for kommunikasjon og samarbeid mellom lærarar i ulike språk og ulike andre fag i læreplanen,
- viii. fremje tospråkleg opplæring, språkbad og CLIL-tilnærminga («content and language integrated learning»),
- ix. utforske metodar for å inkludere heimespråk – både teiknspråk og talte språk – som ikkje er ein del av den offisielle læreplanen, i undervisninga og gi formell anerkjenning og dokumentasjon for ferdigheiter i desse språka der det er relevant,
- x. sikre god språklæring og anerkjenne bidraget frå ikkje-formell opplæring og uformell læring,
- xi. skape forhold som er gunstige for organisering av komplekse læringsmiljø, inkludert læringsmiljø der bruken av digitale medium er fullt ut integrert,
- xii. støtte opp om produksjon av undervisnings- og læringsressursar som er utforma for å bidra til utvikling av fleirspråkleg repertoar, interkulturelt medvit og interkulturell kompetanse,
- xiii. oppmode til pedagogisk praksis som gir lærande innverknad ved at dei får utvikle autonomi og ferdigheiter i kritisk tenking, og som gir rom for stemma til den lærande, etablerer demokrati i klasserommet og skulekulturen og førebur lærande for livslang læring,
- xiv. oppmode til pedagogisk praksis som utviklar språkleg og kulturelt medvit hos lærande og set dei i stand til å delta i interkulturell dialog,
- xv. oppmode til å innføre inkluderande tilnærmingar til språkleg og interkulturell politikk og praksis for heile skular og institusjonar,

- xvi. støtte opp om produksjon og bruk av vurderingsverktøy som fullt ut stemmer overeins med måla for fleirspråkleg og interkulturell opplæring for demokratisk kultur,
- xvii. oppmode til mobilitet i læringa, anten fysisk eller virtuelt, for både lærarar og lærande,
- xviii. leggje til rette for fagleg utvikling for læraren og anna undervisningspersonale innanfor fleirspråkleg og interkulturell opplæring for demokratisk kultur,
- xix. engasjere foreldre, føresette og ansvarlege for uformelle læringsinitiativ i aktivitetar som fremjar, heidrar og framhevar verdien av fleirspråklegheit og interkulturell dialog.

c. *Grunn- og vidareutdanning av lærarar*

Institusjonar og organ som er ansvarlege for grunn- og vidareutdanning av lærarar og pedagogar i alle sektorar og på alle nivå, bør fremje fleirspråkleg og interkulturell opplæring for demokratisk kultur ved å

- i. gi god plass i læreplanane til omgrepa og prinsippa denne opplæringa kviler på, inkludert språkdimensjonen ved alle fag i læreplanen,
- ii. utfordre haldningar, overtydingar og fordomsfulle oppfatningar om språk, språklæring, fleirspråklegheit, kultur og interkulturell læring,
- iii. utvikle den fleirspråklege og interkulturelle kompetansen til lærarstudentane og lærarane som ein viktig del av den pedagogiske kompetansen deira,
- iv. engasjere lærarane i ei detaljert undersøking av kva fleirspråklege og interkulturelle tilnærmingar til opplæringa har å seie for undervisningspraksis,
- v. hjelpe lærarar til å utvikle den pedagogiske kompetansen dei treng for å handtere språkleg og kulturelt mangfald til nytte for alle elevar og studentar,
- vi. hjelpe lærarar til å utvikle den pedagogiske kompetansen dei treng for å støtte opp om ein demokratisk klasseromskultur som fremjar autonom læring og kritisk tenking, og som gir rom for stemma til den lærande,
- vii. hjelpe lærarar til å utvikle vurderingskompetanse som tek omsyn til fleirspråkleg og interkulturell læring,
- viii. oppmode til lærarmobilitet som ein viktig del av den faglege utviklinga,
- ix. utvikle kompetansen til lærarane i aksjonsforskning, slik at dei kan bidra til den kunnskapsbaserte utviklinga av styringsdokument og praksis for utdanning.

6. Samarbeid

a. *Samarbeid på tvers av sektorar*

Offentlege styresmakter og andre offisielle aktørar bør søkje støtte i sivilsamfunnet, blant arbeidsgivarar i privat sektor og i ei rekke interessentgrupper ved innføring av fleirspråkleg og interkulturell opplæring for demokratisk kultur.

b. *Foreldre og føresette*

Offentlege styresmakter og andre offisielle aktørar bør invitere internasjonale, nasjonale, regionale og lokale organisasjonar for foreldre og føresette til å merkje seg denne rekommandasjonen og støtte opp om gjennomføringa.

c. *Fagorgan*

Offentlege styresmakter og andre offisielle aktørar bør informere akademiske organisasjonar og fagforeiningar og forbund for lærarar og forelesarar om denne rekommandasjonen og invitere dei til å støtte opp om gjennomføringa.

d. *Europarådet*

Styringskomiteen for utdanning har, gjennom Intergovernmental Language Policy Programme og Det europeiske senteret for moderne språk, forplikta seg til å halde fram med å støtte opp om innføringa av fleirspråkleg og interkulturell opplæring for demokratisk kultur. Europarådet har også forplikta seg til å styrkje samarbeidet med Europakommisjonen på feltet språkopplæring, særleg gjennom dei årlege samarbeidsavtalane mellom Europakommisjonen og Det europeiske senteret for moderne språk.